



## Planprogram

# Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Framlegg til planprogram




Foto: Erlend Friestad





## Forslag planprogram kommunedelplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. 2024-2034

### Bakgrunn for planen

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ein tematisk plan.

Gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Hareid kommune var i utgangpunktet for perioden 2012-2015, men handlingsdelen av planen har vore rullert årleg.

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er ein tematisk plan som skal fungere som eit politisk styringsreiskap, med ein langsiktig plan for utvikling av idrettsanlegg, miljøanlegg og friluftsliv i kommunen. Avgjersle om disponering av areal i planen er ikkje juridisk bindande, men bør leggest til grunn under rullering av kommuneplanens arealdel og eventuelt vedtakast i den planen. Kommunedelplanen har hovudrullering kvart 4. år, men grunna ressursmangel er den på etterskot denne gongen.



## Føremålet med planarbeidet

Vi vil utarbeide ein ny kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Planen skal gje ei oppdatert oversikt over anlegg og vere eit styringsverktøy for å nå kommunen sine mål på feltet.

Føremålet med planen er å ha ein politisk vedtatt og oppdatert langsiktig plan for utvikling av idrettsanlegg i kommunen. Brukarar av planen er i tillegg til politikarar, tilsette i administrasjonen, idrettsorganisasjonar og engasjerte innbyggjarar.

Målformuleringa i gjeldande plan er:

*3.1 Mål: I kommuneplan for Hareid kommune 2006-2018, vedteken i kommunestyret i møte 27.04.2006 i sak nr 0016/2006, finn vi at "Viktigaste målsettinga for idrett og friluftsliv er å nå ut med aktivitetar til alle der dei bur." (s. 14). Vidare finn vi som viktig hovudmål under Målsettingar for Hareid (s.9): "Hareid kommune skal gi born og unge gode oppvekstvilkår, trygge miljø, trivsel og samkjensle som grunnlag for livskvalitet, identitet og utvikling." Det er eit overordna mål i samband med fysisk tilrettelegging av anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet i Hareid, at alle grupper får gode tilhøve for fysisk aktivitet i nærmiljøet. Dette gjeld særleg friluftsliv og mosjonsidrett, men ideelt sett også konkurranseidrett og toppidrett. Dei overordna måla for planlegging og utvikling som ligg nedfelt i kommuneplanen, vil sjølvstendig også vere overordna for kommunedelplanen.*

## Føringar for planarbeidet

### - Nasjonale:

- [Plan- og bygningslova,](#)
- [Lov om folkehelsearbeid](#)
- [Lov om friluftsliv](#)
- [Lov om forvaltning av naturmangfald](#)
- [FNs berekraftsmål](#)

Stortingsmeldingar:

- Stortingsmelding om idrett (Meld. St. 26 2011-2012): [«Den norske idrettsmodellen»](#)
- Folkehelsemeldinga – (Meld.St.15 2022-2023); [«Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar»](#)
- Stortingsmelding om friluftsliv (Meld. St. 18 2015-2016): [«Friluftsliv - Natur som kjelde til helse og livskvalitet»](#)
- Stortingsmelding 10 (2018-2019) [«Frivilligheita - sterk, sjølvstendig, mangfaldig».](#)



Andre relevante nasjonale føringer:

- [FN sin barnekonvensjon](#)
- [Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029](#)
- [Veileder - Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet \(2014\)](#)
- [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet](#)
- [Handlingsplan for friluftsliv. Natur som kjelde til helse og livskvalitet \(2018\)](#)
- [Fritidserklæringa](#)
- [Stortingsmelding \(Meld. St. 15 2017-2018\) «Leve heile livet – ei kvalitetsreform for eldre»](#)
- [Idrettsstrategien til Regjeringa «Sterkare tilbake – ein meir inkluderande idrett»](#)

- **Regionale:**

- Regional planstrategi (2020-2024). Gjeldande regional plan, «Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021 – 2024» inneheld tema folkehelse. Fylkesplanen syner at helsetilstanden i befolkninga i hovudsak er god. Likevel er kvardagsaktiviteten for låg, og stadig fleire kontaktar primærhelsetenesta grunna psykisk symptom og lidingar. Anlegg for idrett og fysisk aktivitet er viktig for å få fleire i meir aktivitet og kompensere for lite kvardagsaktivitet. Dette er spesielt knytt til fylkesplanmål om utvikling av nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar god fysisk og psykisk helse,
- inkluderande og trygge byar og tettstader med eit variert kultur- og tenestetilbod, og det å ha eit kultur- og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle.

- **Kommunale:**

- [Kommunal planstrategi 2020-2024](#)
- [Kommuneplan](#)
- [Folkehelseoversikt 2020 – Grunnlagsdokument for kommunal planstrategi 2020-2024](#)
- [Helse og omsorgsplan 2022-2030](#)

## Planprosessen

- **Organisering**

- Styringsgruppe og planmynde:
  - formannskapet
- Arbeidsgruppe: folkehelsekoordinator, kulturkonsulent
- Medverknad:
  - representantar for Hareid idrettsråd.
  - kommuneoverlege og andre tilsette i Hareid kommune som det kan vere naturleg å involvere.
  - eldreråd, ungdomsråd, råd for menneske med nedsett funksjonshemming.
  - frivillige organisasjonar og andre aktuelle.





Frivillige lag og organisasjonar og andre relevante partar vil få varsel direkte ved høyring og fastsetjing av planframlegg. Her har også andre høve til å kome med innspel og merknadar til planarbeidet. Utarbeida planframlegg skal leggst fram for formannskapet som gjer vedtak om offentlig ettersyn.

Planoppstart, høyringar og vedtak vil bli varsla i lokalavisa og gjennom kommunen sine kanalar som heime- og facebookside.

- **Framdriftsplan:**

<b>Milepåle</b>	<b>Tidsrom</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Oppgåver</b>	<b>Kommentar</b>
Planprogram	Innan 01. juni	Folkehelsekoordinator	Utarbeide programplan	
Politisk behandling av planprogram	Innan 01. juli	Folkehelsekoordinator	Legge fram politisk sak; - Formannskap	Møte formannskapsmøte 12.06.
Høyring planprogram	Innan 01. september	Folkehelsekoordinator		
Utarbeiding av planframlegg	Haust 2023	Arbeidsgruppe		Medverknad
Høyring planframlegg	Vinter 2024	Folkehelsekoordinator		
Justering av plan og politisk behandling	Vår 2023	Folkehelsekoordinator		





## Innhald og tema i planen

Kommunedelplanen er avgrensa til å gjelde for idrett og fysisk aktivitet slik omgrepa blir definert og forstått i «Veileder for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet»(KUP2014) og frå Klima- og miljøverndepartementet St.meld.nr.18(2015-2016). Planen er eit viktig verktøy for folkehelsearbeidet i Hareid kommune. Med idrett meiner ein aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten. Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, inkludert friluftsliv og aktivitetar prega av lek. Friluftsliv blir definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft med sikte på miljøforandring og naturoppleving

Planen skal innehalde:

- målsetting for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet, herunder friluftsliv.
- målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv.
- resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt.
- vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet.
- utgreiing av samanheng med andre planar i kommunen.
- prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg.
- oversikt over forventa kostnadar knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg
- uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg
- lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområder bør gå fram av relevante kart.

## Konsekvensutgreiing

Kommunedelplanen er tematisk og utan heimel til juridisk arealdisponering, og utløyser dermed ikkje krav om konsekvensutgreiing

